
Fra: Leiknes FUS barnehage as - dagleg leiar <dl.leiknes@bhg.no>
Sendt: 16. januar 2018 23:14
Til: Astrid N Sylta
Emne: Tilsyn, årsplan og anna relevant dokumentasjon del 1
Vedlegg: Årshjul småbarn 2017-2018.pdf; rutiner ss.pdf; Månedsbrev oktober småbarn.pdf; rutenett januar småbarn.pdf; 55712_Leiknes_årsplan 2017-18_korr2.pdf; Prosjektplan oktober-november Hakkebakkeskogen (1).pdf; rammer sprakgr.pdf

Hei Astrid.

Her kjem del 1 av dokumentasjon som etterspurd i forbindelse med tilsyn.

Vedlagt ligg årsplan, samt dokumentasjon frå småbarn:

- årshjul over tema/fagområder
- prosjektplan
- månedsbrev for å syne korleis desse er bygd opp og kva dei inneheldt
- rutenett/kalender over grupper
- eksempel på rutiner på småbarn

Årshjulet deler inn årsplanen. Prosjektplanen knyt aktivitetar og innhald til årshjulet. Månedsbrevet går ut til foreldre med info om kva som skal skje, og med evaluering av månanden før.

Rutenettet seier noko om kva dagar ein har ulike grupper, og rutinene viser når gruppene blir gjennomført.

Vidare ligg det ved oversikt over kva dei bygger språkgruppene rundt. Konkret plan for korleis dette blir satt i system kan de få sjå under synfaring.

Dette er det eg ser på som relevant informasjon om det organiserte arbeidet med fagområdet, og fremjing av kommunikasjon og språk.

Kompetanseplan for personalet er i grove trekk at alle assistentar og pedagogar fekk innføring av Kari Pape i haust, medan ped.leiarane går på leiarrekkja kommunen arrangerer. Me skal ha eit personalmøte i mnd fram mot sommaren, der ein del er felles og ein del går til avdelingsarbeid og refleksjon rundt diverse tema i barnehagen (skal bruke Fuelbox si barnehageutgåve). I tillegg skal nyutdanna pedagogar delta på kurs gjennom NKR og FUS.

Plan for implementering av ny rammeplan:

I Februar 2017 las heile personalet gjennom utkast til ny rammeplan. Dei blei så inndelt i grupper (blanding av assistentar og pedagogar) for å knytte den nye rammeplanen opp mot årsplan og endre innhald der det var behov for det. (Årsplan er kontrollert opp mot ny rammeplan då den blei vedtatt.)

Me skal bruke tida frå august - 17 og fram til februar -18 til å prøve ut innhaldet i årsplanen

opp mot ny rammeplan. I februar skal eg, saman med ped.leiarane evaluere arbeidet og sjå om det må gjerast endringar i ny årsplan for 18/19 på bakgrunn av ny rammeplan. Me må då vurdere om heile personalet skal involverast, eller om pedagogane skal få ansvar for revideringa.

Ut over dette har me ikkje noko meire konkret plan for implementering. Me må rett og slett teste ut dei ulike sidene i rammeplanen først.

Vennleg helsing
Marit Urdal Hauge
Dagleg leiar
Leiknes FUS barnehage as
Storneset 1
5915 Hjelmås

Mobil: 96 09 22 40
Epost: dl.leiknes@bhg.no
Nettside: leiknes.bhg.no

Fakturaadresse:
Leiknes FUS barnehage as
Fakturamottak
Postboks 4970 Vika
8608 Mo i Rana

